

NVE
Pb 5091, Majorstua
0301 OSLO

Vik i Sogn, 10. oktober 2014

nve@nve.no

HØYRINGSUTTALE TIL ENDRING I KONTROLLFORSKRIFTA, referansenummer 201203894

Vi viser til høyringsdokument nr 4/2014. NVE tilrår endringar i kontrollforskrifta § 2-8. Gjennom å motverke kryssubsidiering mellom konkurranseutsett verksemd og nettverksemd er formålet med endringa å sikre at nettkundane ikkje betalar meir enn nødvendig for nettenestene.

Sognekraft stiller seg bak intensjonane om kostnadseffektivitet og kommenterer nedanfor dei konkrete endringane som NVE tilrår:

§ 2-8 annet ledd endres:

Overføring av midler, herunder finans- og realkapital som stilles til rådighet, fra nettselskaper til andre juridiske personer, skal skje til markedsvilkår.

Sognekraft har ingen merknad.

§ 2-8 tredje ledd skal lyde:

Ved interne transaksjoner mellom nettvirksomheten og andre virksomhetsområder skal faktiske kostnader fordeles direkte på det virksomhetsområdet ytelsen er utført. Kostnadene skal fordeles forholdsmessig ut fra den reelle bruken av ressurser.

Sognekraft har ingen merknad.

§ 2-8 fjerde ledd skal lyde:

Ved utnyttelse av felles anleggsmidler mellom andre virksomhetsområder og nettvirksomheten skal kostnader, avskrivninger og balanseverdier fordeles forholdsmessig mellom virksomhetsområdene ut fra den reelle bruken av anleggsmidlene.

Sognekraft har ingen merknad.

§ 2-8 sjette ledd skal lyde:

Transaksjoner mellom nettselskapet og andre selskaper i samme konsern skal skje til markedsvilkår. Enhver anskaffelse fra andre selskaper i samme konsern, hvor kostnadene ved anskaffelsen belastes nettvirksomheten, skal så langt som mulig være basert på konkurranse. Utvelgelse av kvalifiserte anbydere og tildeling av slike kontrakter skal skje på grunnlag av objektive og ikke-diskriminerende kriterier. Avtaler mellom selskaper i samme konsern skal foreligge skriftlig.

Merknad:

NVE grunngeiv behovet for konkurranse for alle konserntinterne kjøp med at det er vanskeleg og ressurskrevjande for NVE å kontrollere om dei enkelte prisane og transaksjonane mellom konsernselskap skjer til marknadssmessige vilkår, uten å kunne stille krav til konkurranse om kjøpa.

Konserntinterne tenester famnar om eit svært vidt spekter, og kan delast i område (og døme):

- Kjøp av administrative fellestenester og fellesinnkjøp i konsern (lønn, rekneskap, HR, vaktmeistertenester, reinhald, leige av lokale, resepsjon og sentralbord, postmottak, forsikring, banktenester mm).
- Felles nettrelaterte ressursar til bl.a. driftssentral, datakommunikasjon, kundesenter og AFI.
- Kjøp og sal av tenester frå forretningsområde som konsernet driv i konkurranse med eksterne leverandørar, ofte type entreprenørrelaterte oppdrag.

Sognekraft er vertikalt integrert, og vil såleis ikkje bli direkte ramma av endringa i denne forskrifta . Vi vil likevel kommentere konsekvensane. Sognekraft meiner at verken samfunnsøkonomisk eller bedriftsøkonomisk nytteverdi vil stå i forhold til kostnaden ved å krevje at alle konserntinterne kjøp skal konkurranseutsetjast. Vi viser til det vide spekteret av tenester som er eksemplifisert over.

Sognekraft minner om at i tillegg til forsyningsforskrifta sine reglar som bl.a. gjeld transport av elektrisitet, er alle aksjeselskap undergitt aksjelova sine reglar. Aksjelova § 3-9 regulerer konserntinterne transaksjonar og stiller krav om forretningsmessige vilkår og prinsipp, og at vesentlege avtalar skal vera skriftlege. Forsyningsforskrifta stiller krav om konkurranse for alle innkjøp over ein terskelverdi, men har unntak for kjøp frå tilknyttta foretak der meir enn 80% av omsetjinga kjem frå sal til det selskap det er tilknyttta. Unntaka er nettopp for å unngå unødvendige kostnader.

Høyringsdokumentet ser ut til å legge til grunn at energikonsern meirbelastar nettselskapa for kostnader, utover det som ville vore rett, og at det såleis skjer tilsikta subsidiering av konkurranseutsett verksemd. Vår erfaring er at både vertikalt integrerte selskap og konsernselskap er opptekne av å unngå kryssubsidiering, og opptrer i tråd med intensjonane i forskrifta. Vi har elles tillit til at NVE gjennom målretta tilsyn har erfaring og tyngde nok til å påpeike forhold som ikkje er tilfredsstillande. Det er meir økonomisk rett for samfunnet at NVE brukar ressursar på tilsyn, enn at ein heil bransje skal overbyråkratisere og overdokumentere konserntinterne kjøp.

Med helsing



Harald Stadheim

-nettsjef-